



MØTEBOK 01/26

ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 09.06.2026**Møtetid:**

Kl. 13:00 - 13:55

Møtestad: Sula rådhus**Saksnr.:**

001/26 – 003/26

Følgjande medlem møtte**Parti**

NITO v/ Birgitte Valderhaug

Utdanningsforbundet v/ Kristina Moe

Jim Arve Røssevoll

AP

Karoline Antonie Slinning

AP

Bendik Valseeth Havnegjerde

FRP

Turid Kristin Sand Humlen

H

Åse Petrin Vegsund

KRF

Forfall meldt frå følgjande medl.**Parti****Følgjande varamedlem møtte****Parti**

Martin Nicolai Skår

FRP

Kjell Petter Dyb

FRP

Nils Erik Bjørkavåg

H

Vibeke Bjørkavåg

H

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, HR-leiar Torry Larsen og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenter til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	-

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
001/26	Godkjenning av møtebok nr. 01/25	
002/26	Årsrapportering arbeidsgivarområdet 2025	
003/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

001/26: Godkjenning av møtebok nr. 01/25

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Administrasjonsutvalet 09.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ADM - 001/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

002/26: Årsrapportering arbeidsgivarområdet 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Administrasjonsutvalet tek rapporten til vitande.

Behandling i Administrasjonsutvalet 09.06.2026

Kommunedirektør orienterte om rapporten og arbeidet med arbeidsgivarområdet i 2025.

Utvalet fekk utlevert på papir internt arbeidsdokument om samfunns mål 5 "Sula kommune er ein nytenkande og attraktiv arbeidsgjevar". Dette interne dokumentet set fokus på status måloppnåing, utfordringar og risikoar, og vegen vidare, vil bli ferdigstilt og gjort offentleg etter at saka er ferdigbehandla av kommunestyret 17.06.26.

Arbeidstakarrepresentantane presentere sitt syn på rapporten og arbeidet i fjor. I forkant hadde dei sendt inn denne uttalen:

«Arbeidstakarorganisasjonane takkar for rapporten og ser at han gir ei god oversikt over sentrale nøkkeltal, tiltak og aktivitetar innan arbeidsgivarområdet.

Vi har gjennom dialog med kommunedirektøren vore opptekne av kor viktig det er at rapporteringa også tek pulsen på det som skjer i organisasjonen. Vi set pris på at det har vore rom for slike samtalar, og at dette perspektivet har vore tema i arbeidet med rapporten.

Rapporten gir i hovudsak eit overordna bilete basert på utvalde målbare indikatorar og resultat. Dette er viktig informasjon, men vi meiner at administrasjonsutvalet som partsamansett organ også har behov for innsikt i forhold som ikkje nødvendigvis kjem til uttrykk gjennom sjukefråvær, turnover eller andre nøkkeltal i rapporten.

Vi meiner det er viktig å vere merksam på at uro, usikkerheit, høgt arbeidspress, svekt motivasjon og bekymringar for framtida ikkje nødvendigvis blir fanga opp gjennom statistikken. Slike forhold kan vere til stades over lang tid før dei eventuelt gir utslag i sjukefråvær eller at medarbeidarar vel å slutte. Fråvær av utslag i nøkkeltala er difor ikkje det same som fråvær av belastningar i organisasjonen.

Sjukefråværstal gir heller ikkje nødvendigvis eit fullstendig bilete av arbeidsmiljøet. Når medarbeidarar blir sjuke, vil årsakene ofte vere samansette, og det er sjeldan mogleg å peike på éin enkelt faktor. Belastningar knytte til arbeidssituasjonen kan difor vere reelle og betydelege utan at dei kjem tydeleg fram i rapporterte sjukefråværstal.

Kommunen si oppsummering av samfunnsmål 5 peikar på slitasje i organisasjonen, auka arbeidspress og konkurranse om kompetanse som sentrale utfordringar. Dette understrekar etter vårt syn behovet for at framtidige rapportar også fangar opp korleis slike forhold blir opplevde ute i organisasjonen.

Vi meiner difor at framtidige rapportar med fordel kan innehalde meir informasjon om:

- korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet i periodar med omstilling
- utfordringar knytt til arbeidsbelastning og kapasitet
- utvikling i motivasjon, trivsel og tryggleik
- risikofaktorar knytt til kompetansebevaring og rekruttering

For at administrasjonsutvalet skal kunne fylle rolla si på ein god måte, meiner arbeidstakarorganisasjonane det er viktig at rapporteringa gir eit mest mogleg heilskapleg bilete av korleis organisasjonen har det.

Arbeidstakarrepresentantane tek rapporten til vitande, men ønskjer at desse perspektiva blir tekne med i den vidare utviklinga av rapporteringa på arbeidsgivarområdet.»

Rapporten vart drøfta. Det var ei runde med spørsmål og svar.

Turid Humlen (H):

Referat frå møta i arbeidsmiljøet skal bli lagt fram som referatsak i administrasjonsutvalet sine møte.

Det skal bli gjennomført nytt møte i administrasjonsutvalet innan utgangen av november månad.

Kommunedirektør si innstilling med tilleggsforslag frå Turid Humlen vart samrøystes vedtatt.

ADM - 002/26 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tek rapporten til vitande.

Referat frå møta i arbeidsmiljøet skal bli lagt fram som referatsak i administrasjonsutvalet sine møte.

Det skal bli gjennomført nytt møte i administrasjonsutvalet innan utgangen av november månad.

003/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Administrasjonsutvalet 09.06.2026

Det var ingen spørsmål eller orienteringar.

ADM - 003/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.